



Bergan Bygg AS  
Solbjørgsdalen 84  
5282 LONEVÅG

Referansar:

Dykkar: Jan-David Antonsen  
Vår: 23/2240 - 23/16403

Saksbehandlar:

Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:

10.07.2023

## 32/20 Skistad - Gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom - næring  
Eigedom: Gbnr: 32/20  
Tiltakshavar: Harry Berent Skistad  
Søkjjar: Bergan Bygg AS

Kommunen syner til søknad motteke 03.07.2023.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område. Oppretting av ny grunneigedom er i strid med arealføremålet i arealdelen i kommuneplanen og det er krav om søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Ved søknad om oppretting av ny grunneigedom krev kommunen at tiltakshavar si underskrift vert dokumentert, jf. forskrift om byggesak § 5-1, 2. ledd.

Kommunen minner vidare om at søknad om oppretting av grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om, jf. plan- og bygningslova § 20-4, 1. ledd, bokstav d.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav k, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 1. ledd.

Kommunen krev i tillegg at det vert send inn dokumentasjon av tiltakshavar si underskrift, jf. forskrift om byggesak § 5-1, 2. ledd.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.08.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

---

**Post**

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

**Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

Konto  
Org.nr. 864.338.712

Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Det er i søknaden opplyst at tiltaket oppfyller krava for 3 vekers handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-7, 2. ledd.

Kommunen syner til at det er krav om søknad om dispensasjon og sakshandsamingsfristen er 12 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-7, 4. ledd. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå regionale og statlege styresmakter, jf. plan- og bygningslova § 19-1, jf. plan- og bygningslova § 21-7, 4. ledd, jf. forskrift om byggesak § 7-4, bokstav a.

Fristen går heller ikkje i den tida saka ligg til handsaming hjå eventuelle andre styresmakter, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2, jf. § 7-5.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Bergan Bygg AS  
Harry Berent Skistad

Solbjørgsdalen 84  
Gjerstadvegen 408

5282  
5282

LONEVÅG  
LONEVÅG